

~~Hemmelig~~

Dette eksemplar bedes tilbakelevert Stortingets kontor når saken er behandlet av Stortinget.

Innst. S. C.

Innstilling frå utanriks- og konstitusjonsnemnda om rikstilskot til å greie konsesjonsavgift som norske selfangrarar må yte Sovjet-Samveldet for løyve til å drive selfangst i Kvitsjøen i 1939.

(St. prp. nr. 42, 1939 — hemmelig.)

Til Stortinget.

Frå og med 1936 har det vore ytt riks-stødna til å greie den konsesjonsavgifta Sovjet-Samveldet krev for fangst i Kvitsjøen.

Stødnan har vore gitt som garanti for ein viss sum for fangståret:

1936	kr. 48 000
1937	» 32 000
1938	» 15 600

Av ømse grunnar har det gått nedover med fangsten. I 1938 var det i alt 19 farty på tilsaman 917 tonn på fangstfeltet. I år har det ved utgangen av fristen for søkna — 1 februar — berre meldt seg 10 — på tilsaman 250 tonn — mest alle mindre båtar fra Nord-Norge. I år som i fjor har det vore søkt om at avgifta må bli rekna ut etter 6,5 dollar pr. tonn som er meldt.

Handelsråd Johannessen meiner at ein bør rekne med 1 000 tonn i år som maksimumstonnasje.

Sendemann Urbye og Selfangstkommissjonens formann Wollebæk er samde i dette med di dei hevder at ein bør trygge seg framtidig konsesjonsrett til så mykje.

«Selfangstkommissionen» tilrår sterkt at det også i år blir gitt statsgaranti for nemde avgift og meiner at ein kann rekne den til 6,5 dollar for 600 tonn eller omlag kr. 15 600.

Fiskeridirektøren tilrår at det blir gitt statsgaranti etter same reglane som i fjor.

Handelsdepartementet har i skriv av 26 januar d. å. til Finansdepartementet foreslått at det også i år blir gitt statsgaranti for nemde konsesjonsavgift og går ut i frå at ein kan rekne med 600 tonn à 6,5 dollar, altså ein garantisum på omlag kr. 15 600.

Finansdepartementet vilde ikkje sette seg imot dette, men gjekk ut frå at det berre vart å betale for dei 250 tonn som er innmeldt.

Den 6 februar kom det melding frå Sovjet-Samveldet at det blir kravd minsteavgift på 6,5 dollar rekna for 1 000 tonn — altså 6 500 dollar — og dette kravet var det ikkje muleg å få fråvik frå. Dette vart ikkje heilt klårt før 21 februar d. å.

Dei ovannemde 10 selfangarbåtane låg no ferdige til å gå til Kvitsjøen så dei kunde nå fram til 1 mars — og dei måtte straks ha greie på statsgarantien.

Den 22 februar hadde så Handelsdepartementet rådleggingsmøte med «Selfangstkommissjonen» og Stortingets utanriks- og konstitusjonsnemnd. Dessutan vart saka lagt fram i regjeringskonferanse. Og departementet fann da at det måtte gi «Selfangergruppen»s formann tilslagn om «at staten er villig til å betale den del av konsesjonsavgiften som skal betales av 750 tonn av den anmeldte maksimumstonnasje, og at det med hensyn til spørsmålet om garanti for de øvrige 250 tonn vil bli forholdt på vanlig måte».

Handelsdepartementet finn at det «i det vesentlige kan vise til Selfangstkommissjonens uttalelse. Departementet anser det utelukket at de 10 selfangstfartøyer som deltar, greier å betale mer enn 6,5 dollar pr. tonn. På den annen side vil det være av vesentlig betydning for norsk selfangst at konsesjonsretten til Kvitsjøområdet kan opprettholdes i størst mulig utstrekning, inntil en har nærmere erfaring for muligheten av norsk deltagelse på Newfoundlandfeltet og spørsmålet i det